



# Surnadal Idrettslag

Postboks 1  
6656 Surnadal

## Protokoll frå Årsmøte i Surnadal IL 2017

Tid: 30. mars 2017 kl 19.00.  
Stad: Klubbhuset Syltøran

### Sak 01/17 Opning og konstituering

Ola Mogstad vart valt som møteleiar, og Øystein Hjelle Bondhus vart valt som sekretær. Anders Grimsmo og Erling Fiske vart valt til å skrive under møteprotokollen. Alle vala var einstemmige.

### Sak 02/17 Godkjenning av sakliste

Saklista vart godkjent slik den vart framlagt.

Det var 10 frammøtte.

### Sak 03/17 Årsmelding 2016

Årsmeldinga for SIL Hovudstyret og gruppene vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. Årsmeldinga for SIL Hovudstyret vart gjennomgått.

Årsmeldingane til gruppene vart gjennomgått med innspel for representantar for dei oppmøtte gruppene. Hovudpunkta vart trekt fram.

Kommentarar:

- Syltørans venner sin rapport manglar. Grunnen er at det kun er styret i fotballgruppa si beretning som er med her. Syltørans venner har mellom anna oppgradert garasje i 2016, og det vart leasa ny traktor i fotballgruppa.
- Gruppeårsmeldingane skal leggest ut på gruppene si heimeside, gjerne og årsmeldingar frå tidlegare år, slik at vi har eit historisk arkiv.
- Handball laga sportsleg plan i 2016
- Veldig godt samarbeid med Surnadal alpinsenter. Det sett vi stor pris på.
- Få allidrettsgrupper som har inntektsbringande tiltak. Bør stille krav til eigeninnsats for å utløyse tilskot.
- Vi burde stille strengare krav til malen.

**Vedtak:** Årsmelding for SIL Hovudstyret og resten av gruppene vart samrøystes godkjente, med kommentarane ovanfor.

### Sak 04/17 Rekneskap 2016

Rekneskapan for hovudlaget og for dei enkelte gruppene vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. Rekneskapan for hovudlaget vart gjennomgått, i tillegg vart det



# Surnadal Idrettslag

Postboks 1  
6656 Surnadal

gått gjennom resultatet for kvar enkelt gruppe. Revisorane si beretning for 2016 vart gjennomgått. Balansen vart gjennomgått.

Kommentarar og spørsmål:

- Garasjen på Syltøran bør inn på note 9 – anleggsmidlar.
- Honnør til fotballstyret for at det er komme i land slik det er gjort, med tanke på dei ekstra reisekostnadene dette året.
- Bueskyting gjekk i «styrt minus», med velsignelse, klok langsiktig investering i utstyr til god pris i samband med opphørssalg hos leverandør.
- Volleyball i minus. Kanskje kunne dei hatt inntekter frå kiosk?
- Det vart stilt spørsmål ved strømutfgiftene til fotballgruppa. Låge på grunn av refusjon frå kommunen etter leigeforholdet til Dagsenteret på Syltøran.
- Handballgruppa går i pluss takka vere flott innsats av kasserar Merete Møgstad, som tok initiativ til kjekssal. Det er viktig at vi er samstemte om kva grupper som har inntektsbringande tiltak når i løpet av årshjulet.
- Innspel om at fotballgruppa kunne hatt eit drifts- og eitt anleggsbudsjett.
- Revisor og rekneskapsførar kan gjerne inviterast til ein gjennomgang i løpet av året.

**Vedtak:** Forslaget til vedtak vart samrøystes vedteke:

Rekneskapan for SIL Hovudstyret og for dei enkelte gruppene i laget, med tilhørande revisjonsberetning, vart godkjente.

## Sak 05/17 Innkomne saker

Ingen innkomne saker

## Sak 06/17 Organisasjonsplan

Kapittel 1 – Visjon, mål og verdiar, som er nytt, vart gjennomgått.

Kommentarar:

**Vedtak:** Organisasjonsplana for Surnadal IL er samrøystes vedteken, med det forbehold om at det må gjerast endringar i tråd med valet i sak 9.

## Sak 7/17 Medlemskontingent 2017 og 2018

Saksutgreiinga vart lagt fram og gjennomgått.

Kommentar:

- Det må informerast ved sesongstart at alle må vere medlem, med felles skriv frå hovudlaget og informasjon om sanksjonar.



# **Surnadal Idrettslag**

**Postboks 1  
6656 Surnadal**

**Vedtak:** Årsmøtet gir gruppene fullmakt til å fastsette si eiga treningsavgift.

## **Hovedstyret sitt forslag til vedtak angående medlemskontingentsatsar for 2017 og 2018:**

Vaksne (f.o.m. 20 år) – kr. 250,-.  
Barn/ungdom (t.o.m. 19 år)/honnør – kr. 150,-.  
Familiemedlemskap – kr. 500,-

**Vedtak:** Hovudstyret sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Sak 8/16 Budsjett 2017**

Budsjetta for dei enkelte gruppene og for hovudlaget vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. SIL Hovudlaget sitt budsjett vart gjennomgått.

Kommentarar:

- Ingen større merknader

**Vedtak:** Budsjetta for 2017 er vedtekne.

## **Sak 9/16 Val**

Valnemnda har bestått av Merete Mogstad, Grethe Vattøy og 1. vara Bjørn Gjeldnes. Verksemnda har mellom anna foregått via Internett. Valnemnda har i tillegg hatt eit møte i januar.

Valnemnda si Innstilling vart gjennomgått.

Kommentar:

- Det er litt for lenge å sitte i valkomiteen i tre år. Kanskje er det nok med to år, slik at du sikrar å få inn folk med nye omgangskretsar.

Vala vart gjennomførte slik: (Sjå innstilling)

**Hovudstyre:**

**Leiar:** Vidar Ulvestad, på val 2018 (NY)

**Nestleiar:** Lisa Løfald Moe, på val 2019 (NY)

**Styremedlem:** Svein Dalen, på val 2018 (Ikkje på val)

**1.vara:** Ingvild Kårvatn, på val 2018 (Attval)

**2.vara:** Leiv Bæverfjord, på val 2018 (Attval)

**5 gruppeleiarar**

**Kontrollkomité**



# Surnadal Idrettslag

Postboks 1  
6656 Surnadal

Medlem: Talke Ranes, på val 2018 (Ikkje på val)

Medlem: Rolv Lysø, på val 2019 (Attval)

1. vara: Ellbjørg Haugen Larsen, på val 2018 (Attval)

## Valnemnd:

Leiar: Grethe Vattøy, på val 2018 (NY leiar)

Medlem: Bjørn Gjeldnes, på val 2019 (Ikkje på val)

Medlem: Monica Bolme Stavås, på val 2020 (NY)

1. vara: Terje Haugen, opprykk til fast medlem i 2018

2. vara: Manglar – Årsmøtet gjev styret fullmakt til å finne denne varamedlemmen.

## Representasjon til ting der idrettslaget har representasjonsrett (Punkt C):

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å velje personar til å representere idrettslaget på møter og ting.


## Revisor


Årsmøtet gjev styret fullmakt til å engasjere revisor.

Alle val og fullmaktsdelegeringar var einstemmige.

Surnadal 30.3.2017

Øystein Hjelle Bondhus  
Referent

  
\_\_\_\_\_  
(Erling Fiske)

  
\_\_\_\_\_  
(Anders Grimsmo)